



**HØYRING OM HEIMEL FOR FINANSIERING AV MATFORVALTING SAMT
TEKNISKE LOVTILPASSINGAR I DYREVERNLOVA
DYREHELSEPERSONELLOVA**

Saksbehandlar: Olav Magne Tonstad		Landbruksdepartementet		Arkivkode: 202 J00 &13	
Arkivsaksnr.: 03/00901		Saksnr.: 03, 1692	Doknr.: 49		
Utvalsak Utval		Mottatt: 04 SEPT 2003 MP/SBT	Møtedato		
0074/03 Formannskapet		Saksbeh.: C/HO	Ark.: 750	02.09.03	
		Kopi:	Avskr.:		

Vedtak i Formannskapet den 02.09.03:

Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader når det gjeld heimel til finansiering av matforvaltning. Formannskapet er kritisk til ein finansieringsmodell der utgifter til Mattilsynet nærast fullt ut skal finansierast med gebyr og avgifter. Formannskapet går inn for at Mattilsynet i minst like stor grad som i dag bør finansierast med offentlege midlar over Statsbudsjettet. Formannskapet er derfor kritisk til dei vide fullmaktene som dei ulike lovendringane legg opp til med moglegheit for 100% brukarfinansiering av kostnadene ved tilsyn, kontroll og særskilde ytingar, som utskriving av attestar og godkjenningar m.v.

Behandling i Formannskapet:

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Rådmannen si innstilling:

Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader når det gjeld heimel til finansiering av matforvaltning. Formannskapet er kritisk til ein finansieringsmodell der utgifter til Mattilsynet nærast fullt ut skal finansierast med gebyr og avgifter. Formannskapet går inn for at Mattilsynet i minst like stor grad som i dag bør finansierast med offentlege midlar over Statsbudsjettet. Formannskapet er derfor kritisk til dei vide fullmaktene som dei ulike lovendringane legg opp til med moglegheit for 100% brukarfinansiering av kostnadene ved tilsyn, kontroll og særskilde ytingar, som utskriving av attestar og godkjenningar m.v.

Bakgrunn for saka:

Det vert synt til høyringsnotatet.

Hå kommune er den største husdyrkommunen i landet med eit omfattande husdyrhald, særleg når det gjeld mjølkeproduksjon, kjøttproduksjon på storfe og svinhald. Jordbruket betyr mykje for kommunen. Utifrå signala i høyringsnotatet vil landbruket, fiskerinæringa og næringsmiddelindustrien i Hå bli ein viktig bidragsytar til å finansiere tilsynet med mat.

Stortinget har vedteke ei omorganisering av ulike tilsyn i landbruket til eit nytt Mattilsyn, som skal ta til å gjelde frå 1. januar 2004. Denne våren behandla Stortinget dyrevelferdsmeldinga. Det er ei omfattande melding som vil føre til store konsekvensar for norsk husdyrhald og landbruk. Meldinga vil føre til nye kostnadskrevjande tiltak for å forbetre dyrevelferda. Det er usikkert kor stor del av desse kostnadene næringa sjølv må bere, men utvilsamt vil dei nye krava føre til auka kostnader innanfor husdyrhaldet. Framlegg til ny matlov vart sendt på høyring våren 2003. Lova skal seinare vedtakast av Stortinget. Det er ei omfattande lov som legg opp til mange og omfattande oppgåver for Mattilsynet, ikkje minst på grunn av dei vide fullmaktene det nye Tilsynet vil få. Tilsynet med mat er blitt forsterka dei siste åra, og vil truleg i framtida også halda seg på eit høgt nivå.



I høyringsnotatet om forenkla modell for finansiering av matforvaltinga vert det opplyst at i dag finansierer inntekter frå avgifter og gebyr om lag 60% av den samla tilsynsverksemda. I same notatet er det opplyst at med den forenkla modellen for finansiering av matforvaltinga vil om lag 90% av matforvaltinga si verksemd kunne finansierast med gebyr og avgifter. Det som i dag ikkje vert finansiert av gebyr og avgifter, vert finansiert over statsbudsjettet.

I høyringsnotatet om heimel for finansiering av matforvaltinga vert det opplyst at det nye systemet vil føre til at Matforvaltinga sine oppgåver knyta til lov om dyrevern, lov om veterinærar og anna dyrehealsepersonell samt lov om husdyr i større grad vil kunne brukarfinansierast. Dette er i tråd med dei andre oppgåvene til Matforvaltinga. Det vert lagt opp til eit system med større moglegheit for brukarfinansiering.

Rådmannen registrerer at både ny matlov, generelt skjerpa krav til matvaretryggleik, krava i dyrevelferdsmeldinga, etc. vil føre til fleire oppgåver og meir byråkrati innanfor tilsynet med mat. I neste omgang vil fleire oppgåver og nye krav til dyrevelferd føre til auka utgifter for husdymæringa.

Rådmannen er kritisk til ein finansieringsmodell der utgifter til Mattilsynet nærast fullt ut skal finansierast med gebyr og avgifter. Dette vil føre til auka kostnader for næringa og i neste omgang dyrare matvarer. **I høve til konkurransesituasjonen for norsk landbruk og norsk matvareproduksjon er det viktig at kostnadsnivået på dei ulike ledda i produksjonskjeda vert haldne nede.** Eit system der Mattilsynet vert finansiert gjennom avgifter og gebyr kan også føre til ei uheldig kopling mellom tilsyn og næring. Eit brukarfinansiert system vil også kome i konflikt med prinsippet om at tilsynet skal vere uavhengig av dei ulike aktørane i næringa. Rådmannen går derfor inn for at Mattilsynet i minst like stor grad som i dag bør finansierast med offentlege midlar over Statsbudsjettet. Ei slik finansiering vil ikkje kome i konflikt med dei vilkår som WTO stiller til næringsstøtte. I andre land er det også vanleg med stor grad av offentlig finansiering av tilsynet med mat.

Rådmannen stiller seg derfor kritisk til dei vide fullmaktene som dei ulike lovendingane legg opp til med moglegheit for 100% brukarfinansiering av kostnadene ved tilsyn, kontroll og særskilde ytingar, som utskriving av attestar og godkjenningar m.v. Det kan vere tenleg med vide fullmakter ved utarbeiding av forskrifter. Rådmannen meiner likevel at det bør gå fram av forarbeida til lovendingane og sjølv lovteksten at føremålet med endringane ikkje er full brukarfinansiering, og at ein stor del av utgiftene framleis skal dekkast over Statsbudsjettet. Dersom lovendingane opnar for full brukarfinansiering, vil dette i neste omgang også redusere Stortinget si styring og kontroll med Mattilsynet.

Rådmannen meiner at utgifter til tilsynet med kjæledyr, selskapsdyr, etc., fullt ut bør dekkjast av dei som har slike dyr. Dette gjeld dyr som ikkje inngår i matproduksjonen. Ein bør kome fram til eit system der slike utgifter i fullt ut kan brukarfinansierast med gebyr og avgifter.

Rådmannen er samd i at det bør vere mogleg å krevje inn gebyr for tilsyn og kontroll for særskilde ytingar. Men slik innkrevjing av gebyr, der ein skal berekne arbeidsforbruk, etc. kan verta arbeidskrevjande. Mattilsynet bør i størst mogleg grad basere seg på standardgebyr.

